

Planprogram

Kommuneplanens arealdel 2022-2034

Vanylven kommune

Innhald

Innleiing.....	3
Formål med planarbeidet.....	3
Rammer og retningslinjer – føringar	4
Nasjonale føringar	4
Regionale føringar	5
Lokale føringar	5
Dagens situasjon – utfordringsbilde og utviklingstrekk.....	6
Nedgang i folketalet og fleire eldre	6
Folkehelse er viktig for livskvalitet.....	6
Spreidd busettingsmønster	6
Einebustadar dominerer.....	7
Næringsliv.....	7
Store naturkvalitetar.....	8
Klima og miljø.....	8
Stad skipstunnel – potensiale og utfordringar.....	9
Viktige plantema.....	10
Utgreiingar.....	11
Aktuelle utgreiingar og analyser.....	11
Konsekvensutgreiing	11
Risiko- og sårbarheitsanalyse	12
Opplegg for medverknad og organisering av arbeidet.....	12
Informasjon og medverknad	12
Organisering av arbeidet	12
Framdrift.....	13

Innleiing

Vanylven kommune er i gang med arbeidet med kommuneplanens arealdel, som er den overordna planen for all arealbruk i kommunen. Arealdelen har perspektiv fram mot 2034.

Arealplanen må tilpasse seg eit samfunn i endring. Det vil bli langt fleire eldre i kommunen i åra framover, og presset på kommunale tenester vil auke. Dette verkar inn på behovet for bustadar, både type bustad og lokalisering.

Globalt er klimautfordringar, tap av naturmangfald, politisk og økonomisk uro og globale pandemiar dei største utfordringane verda står ovanfor. Dette får konsekvensar for korleis vi må planlegge for samfunnsutviklinga framover.

I planperioden skal Stad skipstunnel byggast ut; eit nasjonalt samferdselsprosjekt som vil skape synergjar i regionen og kommunen. Arealplanen må utformast slik at desse synergiane blir ivaretatt, og kommunen kan legge til rette for næringsetableringar, busetting og turistfasilitetar.

Dette dokumentet er planprogrammet for arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel. Planprogrammet er ei «oppskrift» på korleis vi skal legge opp planarbeidet, og viser mellom anna kva tema som skal utgreiast og korleis medverkinga skal foregå.

Dette planprogrammet blei fastsett i kommunestyret 13.06.2023. På kommunen si heimeside [Kommunal planlegging - Vanylven kommune](#) kan du få informasjon om planarbeidet. Når eit planforslag går til høyring vil plandokumenta vere tilgjengelege under [høyringar](#).

Formål med planarbeidet

Kommuneplanens arealdelen skal bidra til å nå måla i samfunnsdelen, og konkretisere føringane som ligg i arealstrategien til samfunnsdelen.

Dei overordna måla i samfunnsdelen er knytt til miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig utvikling av kommunen, styrka folkehelse og livsmeistring hjå innbyggjarane og utvikling av eit samfunn med likeverdige moglegheiter til å påverke og bidra, og med likeverdig rett på tenester. Alle desse måla kan påverkast av val som blir gjort i arealdelen.

For Vanylven blir det viktig å planlegge for fleire eldre, og samtidig arbeide for auka bustads- og arbeidsplassattraktivitet. Det er ønske om i større grad å kunne nyttiggjere seg strandsona som ein ressurs for kommunen. Byggeområde i gjeldande arealplan som ikkje er utbygde og som ikkje lenger er aktuelle, kan vurderast tilbakeført til grønne areal i planen. Det er nødvendig å lokalisere utbyggingsareal på ein måte som legg til rette for utvikling og trivsel, og som samtidig bygger opp under effektiv drift av det kommunale tenestetilbodet. Viktige tema i arealstrategien er mellom anna utvikling av bygdesentera, næringsutvikling, grøn turisme, og areal for møteplassar, lek og fysisk aktivitet. Naturverdiar skal prioriterast, og det må leggjast til rette for god forvaltning av dei store landbruksareala i kommunen. Vidare må krav til klimatilpassing innarbeidast i planen.

Gjennom arbeidet med arealdelen skal desse målsettingane munne ut i eit plankart med tilhøyrande føresegnar, som vil styre bruken av areala i kommunen dei komande åra. I arealdelen fastset kommunestyret kva som er tillaten arealbruk og kva restriksjonar som gjeld, til dømes kvar det kan byggast bustader og næringsbygg, og kva område som skal skjermast mot utbygging.

Vedtatt arealdel er juridisk bindande for arealbruken i kommunen, og skal bidra til føreseieleg detaljplanlegging og saksbehandling.

Rammer og retningslinjer – føringar

Kommuneplanens arealdel skal følgje opp kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi og nasjonale og regionale føringar.

Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019). Nasjonale forventningar blir utarbeidde kvart fjerde år, og gir ei oversikt over mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunar og kommunar legg særleg vekt på i planlegginga. Fire store utfordringar er trekt fram:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane. Noreg har saman med dei andre medlemslanda i FN forplikta seg til å arbeide for å nå desse måla innan 2030. FNs berekraftsmål skal implementerast og forankrast i kommuneplanens arealdel. Det blei i 2021 utført eit arbeid knytt til [vurdering av berekraftsprofilen](#) for kommunane i Møre og Romsdal i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Parisavtalen har som mål å redusere globale utslepp så raskt som mogleg, og avgrensing av oppvarminga til «godt under to grader».

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning, skal sikre reduserte klimagassutslepp ved heilskapleg tilnærming i verkemiddelbruken, herunder arealplanlegging.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging skal mellom anna bidra til å utvikle effektiv trafikkavvikling og berekraftige byar og tettstadar.

Nasjonalt jordvernmål slår fast at årleg omdisponering av dyrka og dyrkbar jord ikkje skal overstige 3000 dekar.

Lov om klimamål (klimalova) skal fremje gjennomføringa av Noreg sine klimamål som ledd i omstillinga til lågutsleppsamfunnet i 2050.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging skal synleggjere og styrke barn og unges interesser i planlegging.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen skal bidra til ei berekraftig strandsoneforvaltning i 100-metersbeltet langs sjøen. Vanylven er omfatta av retningslinjer i sone 3 – område med mindre press på areala.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T1442/2021

Nasjonal transportplan

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg

Regionale føringar

Fylkesplan for Møre og Romsdal (2021).

Planen har fire hovudmål: samarbeidsfylke, miljøfylke, inkluderings- og kompetansefylke og verdiskapingsfylke. Kommuneplanen sin arealdel skal følgje opp målsetjingane i den regionale planen og overføre desse til samfunnsutviklinga og arealbruket til kommunen – mellom anna gjennom berekraftig arealforvaltning og føreseielege rammer for næringslivet og befolkninga.

Regional delplan for attraktive byer og tettstadar (2015) med vektlegging av livskraftige kommunesenter som nøkkel til å utvikle attraktive og berekraftige lokalmiljø.

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 – 2027 set miljømål i vassførekomst i kyst, vatn og vassdrag.

Lokale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034, vedtatt 09.05.2023 er utgjerd den viktigaste lokale føringa for kommuneplanens arealdel. Samfunnsdelen har tatt opp i seg føringar i andre kommunale planar nemnt under, og har peika ut arealstrategien basert på desse. Arealstrategien går konkret inn på ulike plantema, og gir konkrete føringar for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

Interkommunal kystsoneplan for søre Sunnmøre 2022-2027 er under utarbeiding. Arealdelen må koordinerast med denne planen, slik at det er samanheng og samsvar i overgangen mellom planane.

Klimaplan for Vanylven kommune, vedtatt 20.05.2019. Her har Vanylven sett seg strenge klimamål og vedtatt at FN's berekraftsmål skal ligge til grunn for all planlegging og utvikling i kommunen. Reduksjon av klimagassutslepp, inga auke i personbiltrafikken, mindre omdisponering av dyrka jord og betre ivaretaking av naturmangfald er nokre av tiltaka for å nå måla. Dette får konsekvensar for korleis kommunen skal utviklast, og må leggest til grunn for arealbruken.

Kommunedelplan for trafikktrygging 2019 – 2022 har som mål å gjere kommunen tryggare for alle trafikantar, men med særleg fokusert på barn og unge når det gjeld prioritering av aktuelle tiltak.

Kommunedelplanar og temaplanar. I tillegg til måla i samfunnsdelen vil òg fleire andre kommunale planar ha innverknad på arealbruken i kommunen. Dersom element frå desse planane skal gjerast juridisk bindande for innbyggjarane, må dette innarbeidast i kommuneplanens arealdel.

Gjeldande reguleringsplanar. Kommunen har mange reguleringsplanar av ulik alder og relevans. Desse planane vil framleis vere gjeldande etter at arealdelen er vedtatt, dersom det ikkje blir fatta særskilt opphevingsvedtak. Som ein del av planarbeidet med må det takast stilling til om det er reguleringsplanar som skal opphevast eller overstyrast av arealdelen til kommuneplanen. Reguleringsplanar som ikkje blir oppheva vil i utgangspunktet gi føringar til arealdelen.

Dagens situasjon – utfordringsbilde og utviklingstrekk

Statistisk sentralbyrå SSB har samla mykje informasjon om kommunen på heimesida [kommunefakta om Vanylven](#). Her er det også lenker til meir detaljert statistikk. Statistikk om Vanylven finn ein også i Møre og Romsdal fylkeskommune sin [Fylkesstatistikk 2022](#). Vidare har Telemarksforskning utarbeidd [Regional analyse](#) om Vanylven.

Nedgang i folketalet og fleire eldre

Vanylven kommune har i dag 2997 innbyggjarar (SSB, 1. kvartal 2023), med litt fleire menn enn kvinner. Kommunen har hatt jamn nedgang i folketalet over ein lang periode. Prognosane for framtidig folketalsutvikling tilseier at folketalsnedgangen vil halde fram. I følgje SSB er det venta eit folketal på 2800 i 2030 og 2400 i 2050, noko som tilsvarer ein nedgang på ca. 7 % og 20 % frå dagens folketal. (SSB, hovudalternativet).

Vanylven har ei befolkning som er ein god del eldre enn landsgjennomsnittet, og også mindre andel unge. I åra framover vil fordelinga med fleire eldre og færre yngre forsterke seg. Dette følgjer den generelle trenden i landet, men for Vanylven slår dette særleg kraftig ut. Den høge andelen eldre vil også gi relativt sett fleire med demens enn elles i landet, og presset på helse- og omsorgstenester vil auke kraftig. Innanfor oppvekstsektoren blir det derimot blir overskot på personell og bygningar, samanlikna med i dag.

Folkehelse er viktig for livskvalitet

Forventa levealder i kommunen er litt høgare enn landsgjennomsnittet. Men kommunen har større dødelegheit enn landet og fylket knytt til hjarte- og karsjukdom, og auka førekomst av KOLS, astma og muskel- og skjelettlidingar.

Ungdata syner god trivsel på skulen og at ungdomane kjenner seg trygge i lokalsamfunnet. Talet på unge som fullfører vidaregåande opplæring ligg over snittet i fylket. Men talet på elevar som opplever mobbing aukar, og det er auka bekymring rundt illegale rusmiddel. Samanlikna med omliggande kommunane har Vanylven høg andel uføretrygda og andel som mottok stønad til livsopphald. Av desse igjen er det ein relativt stor del som er unge vaksne.

Som elles i landet ser ein også i Vanylven ei tydeleg auke av einsemd, psykiske plager og symptom, samt auke i bruk av legemiddel for desse symptoma. Fleire aldersgrupper av innbyggjarane i kommunen ønsker fleire møtestadar og betre kollektivtransport for å kome seg fram.

Folkehelse heng tett saman med opplevd livskvalitet, som igjen heng saman med mellom anna økonomi, helse, arbeidsdeltaking og utdanning. Vanylven har lågt utdanningsnivå samanlikna med landet og også fylket, men kommunen har samtidig låg arbeidsløyse.

Kjelde: Folkehelseprofil for Vanylven [Folkehelseinstituttet - hent folkehelseprofil](#) og [Folkehelseoversikt Vanylven kommune 2020-2024](#)

Spreidd busettingsmønster

Vanylven er ein svært spreiddbygd kommune. Etter SSB sin tettstadsdefinisjon (eit område der det bur minst 200 personar og der det ikkje er meir enn 50 meter mellom husa), er Fiskå tettstaden i


kommunen. Her bur det 478 innbyggjarar. Dette tilsvarer 16% av befolkninga i kommunen. Tilsvarande tal for fylket samla sett er 74%. (SSB, 2022)

Einebustadar dominerer

Det er i 2022 registrert 1948 bustadar i Vanylven kommune. Den klart dominerande bustadtypen er einebustadar, som utgjør heile 88 % av alle bustadar.

Tomannsbustadar, firemannsbustadar, rekkehus og andre småhus utgjør 8 %. Resten er fordelt på bufellesskap (2%) og bustadar i andre bygningstypar (2%). Kjelde: SSB

Vanylven har få utleigebustader og bustader til sal, og tilgjengelege bustadar er vurdert som lite attraktive. Dette skapar ein bustadmarknad ikkje er i samsvar med næringslivet sine behov. Kjelde: Strategisk næringsplan Vanylven kommune 2023-2040.



Fordeling av bustadtypar i Vanylven 2022. Kjelde: SSB.

Aldersvenlege bustadar er det svært lite av i Vanylven, samtidig som behovet vil bli stort på grunn av auken i talet på eldre. Gode aldersvenlege bustadar er universelt utforma, med «rullatorvenleg» gangavstand til tenester ein treng i kvardagen - typisk leilegheiter på eitt plan eller med heis, i eit sentrumsområde. Aldersvenlege bustadar legg til rette for at ein kan bu heime lenge, klare seg sjølv og ha eit sosialt liv utan å vere avhengig av bil.

Vanylven kommunestyre vedtok 13.06.2022 å sette av midlar til strategisk eigedomskjøp, som kan stimulere til utbygging av sentrumsnære bustadar og vere med på å sikre eit aldersvenleg lokalsamfunn.

Næringsliv

Næringsstrukturen i Vanylven har større andel sysselsette innan jordbruk, skogbruk og fiske enn landet elles. Industrinæringane har også relativt sett fleire sysselsette enn i landsgjennomsnittet. Innan servicenæringa, offentleg administrasjon og personleg tenesteyting er andelen sysselsette færre.

Innan industrien dominerer næringsmiddelindustri og bergverksdrift. Andre større industrirelaterte næringar er mellom anna og trelast-/ trevareindustri. Reiseliv er ei næring i god utvikling i kommunen. Vidare står jordbruksnæringa relativt sterkt, sjølv om dei enkelte bruka ikkje er så store.

NHO utarbeidar årleg ei oversikt der dei graderer kommunar i landet etter næringsattraktivitet og lokal vekstkraft, basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse, og kommunal økonomi ([Kommune-NM \(nho.no\)](https://www.nho.no/kommune-nm)). Her kjem Vanylven i 2022 dårlegast ut i fylket.

Vanylven har hatt nedgang i talet på arbeidsplassar i den siste tiårsperioden, og nedgangen har kome i næringslivet. Vanylven har hatt lite gunstige føresetnader for vekst i denne perioden, men nedgangen har likevel vore større enn forventet. (Telemarksforskning [Regional analyse](#)).

Store naturkvalitetar

Vanylven har store og attraktive naturområde. Det er etablert eit omfattande nett av varierte turstiar til fjells og dels lang strandsona. Kommunen har vidare ei lite bebygd strandsone.

Vanylven sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane olivinfuruskog (ein nasjonalt sjeldan type), edellauvskog (særleg med hassel), kulturlandskap med kystlyngheier og naturbeitemarker, og nedbørrike kystfjell med ein rikhaldig, oseanisk moseflora på fuktige stadar. Kjelde: Supplerande kartlegging av naturtypar i Vanylven kommune 2007 (Jordal/Holtan 2008).

Klima og miljø

Kommunen har gjennom klimaplanen sett som mål at ein innan 2030 skal redusera klimagassutsleppa med 40 % samanlikna med 2015.

Landbruket står for størstedelen av klimagassutsleppa i kommunen. Desse utsleppa er knytt til biologiske prosessar i husdyra, gjødsel og dyrkingsjord som fører til danning av metan og lystgass. Vidare er sjøfart og vegtrafikk store utsleppskjelder.

Vanylvensamfunnet må tilpasse seg konsekvensar av eit klima i endring. Havnivåstigning og større konsekvensar ved stormflo blir viktig å ta omsyn til, samt konsekvensar av auka nedbør i form av flaum, jordskred og handtering av overvatn.




Fig. 3. Klimagassutslepp i Vanylven 2021, fordelt på sektorar. Kjelde: [Miljødirektoratet](#)

Stad skipstunnel – potensiale og utfordringar

Vanylven kommune er saman med


Stad kommune og Kinn kommune vertskommunar for Stad skipstunnel; eit nasjonalt samferdselsprosjekt som vil redusere risikoen for skipsulykker, ventetida for skipsfart og legge til rette for meir sjøtransport av gods. Planlagt byggestart har vore 2024, men ligg etter vedtak i revidert nasjonalbudsjett 2023 an til å kunne bli forseinka på grunn av krav om vurdering av kostnadskutt.

Stad Skipstunnel vil føre til auka tal på besøkande i området, men vil også gi stor aktivitet under byggefasen. I eit utgreiingsarbeid som Doga Gnist utførte i 2022, med rapporten [Verdien i en skipstunnel](#), blei det dokumentert utfordringar knytt til at det i bygdene rundt tunnelen i dag er få tilbod for arbeidrarar, tilreisande og lokalbefolkninga. Rapporten peikar vidare på eit stort informasjonsbehov – digitalt og gjennom skilting.

For arbeidet med kommuneplanens arealdel er det forhold knytt til fysiske tiltak som er særleg relevante. Rapporten peikar på stor grad av samanfallande behov for brukargruppene innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Det er trekt fram behov for bustadar, overnattingsstadar, gjestehamn, kafe og treningssenter, og basisservice som sanitæranlegg, ladepunkt for bil og båt, vaskeri og sjølvbetent kiosk.

Åheim er det bygdesenteret i Vanylven som ligg nærast den nye skipsleia. Åheim er i dag eit knutepunkt og vegkryss for reisande på land. Rapporten peikar på at Åheim også kan bli eit attraktivt vegkryss og knutepunkt langs leia, dersom det blir lagt til rette for det, og at etablering av enkle basisfunksjonar vil gjere ein stor forskjell for lokalsamfunnet og for tilreisande sin trivsel og oppleving av området.

Rapporten rår til at ein i første omgang ser på om eksisterande bygg kan nyttast for nye tiltak i Åheim sentrum. Om dei ikkje er eigna, kan ein vurdere å bygge nytt eller bygge om eksisterande bygg.



Lokalisering av Stad skipstunnel. Illustrasjonen er henta frå heimesida til [Stad skipstunnel](#).

Viktige plantema

Det langsiktige arealstrategien i samfunnsplanen legg føringar for arealdelen. Basert på desse føringane vil følgjande plantema bli viktige ved revisjon av kommuneplanens arealdel:

- **Bustadplanlegging og utvikling av bygdesentera**

Kommuneplanarbeidet tar sikte på å legge til rette for utvikling og styrking av dei tre største bygdesentera Fiskå, Åheim og Syvde. Kommunen ønskjer å legge til rette for sentrumsnære bustadar, som kan vere med på å skape eit meir aldersvenleg lokalsamfunn. Vidare vil utvikling av tenestetilbod, gode møteplassar og universell utforming stå sentralt,

- **Næringsutvikling og grøn turisme**

Utvikling av nye og eksisterande industri- og næringsverksemdar, herunder utvikling av reiselivsnæringa og grøn turisme blir eit sentralt tema. Tilrettelegging for friluftsliv og turstiar av ulike typar er eit element i ei grøn reiselivsutvikling, men overlappar med andre tema som bygdeutvikling og kulturminneforvaltning.

- **Naturressursar, naturmiljø og ressursbruk**

Dei viktigaste utfordringane for naturmangfaldet er knytt til klimaendringar, arealbruk og nedbygging av naturområde. I arbeidet med arealdelen vil det bli lagt vekt på å sikre verdifulle naturområde og viktige grønne korridorar, men også å sjå på gjenbruk og meir effektiv utnytting av allereie utbygde område. Byggeområde i gjeldande arealplan som ikkje er utbygde og som ikkje lenger er aktuelle, skal vurderast tilbakeført til LNFR. Sikring av viktige naturressursar, som drikkevasskjelder, vil inngå i planarbeidet.

- **Vern og utvikling av strandsona**

Vanylven kommune har ei lang strandsone, og ønsker å utnytte denne betre som ein ressurs for kommunen. Dette kan både dreie seg utbyggingsprosjekt, men også om turstiar og anna tilrettelegging for ferdsel. Balansen mellom utbygging og tilrettelegging for ålmenta og behovet for vern blir eit sentralt plantema. Innarbeiding av byggegrense mot sjø blir ein del av arbeidet med strandsona.

- **Transport og infrastruktur**

God infrastruktur og trygge og effektive transportmoglegheiter er avgjerande for samfunnsutviklinga. Viktige tema i revisjonsarbeidet blir framkomelegheit og trafikktryggleik for alle trafikantgrupper, med særleg fokus på barn og unge.

- **Samfunnssikkerheit og klimatilpassing**

Samfunnssikkerheit og klimatilpassing skal inngå ein viktig del av alle kommunale planar. Ekstremnedbør, flaum, skred og havnivåstigning kan forventast, og må takast omsyn til i planlegginga. Dette omfattar både lokalisering av ny bebyggelse og infrastruktur, og førebyggjande tiltak som sikring av flaumdempande naturområde.

Andre sentrale plantema er kulturminne, landbruk, friluftsliv og folkehelse, forureining og støy.

Som ein del av revisjonsarbeidet er det behov for ein systematisk gjennomgang og oppdatering av plankart, føresegner og retningslinjer i gjeldande arealdel, samt ei gjennomgang av arealformål opp mot tiltenkt bruk av areala. Det har blitt avdekt at gjeldande arealdel er mangelfull eller kan vere misvisande på enkelte punkt. Vidare har det, etter at planen blei vedtatt i 2014, skjedd endringar i lovverk og retningslinjer, det er vedtatt nye planar på regionalt nivå, og nye reguleringsplanar er vedtatt lokalt. I tillegg er kunnskapsgrunnlaget i offentlege kart- og kunnskapsdatabasar er forbetra.

Utgreiingar

Aktuelle utgreiingar og analyser

Strandsonekartlegging

I samsvar med vedtatt arealstrategi i samfunnsplanen skal det gjennomførast ei strandsonekartlegging, med sikte på å kunne skilje ut kva område som må vernast og kva område som kan leggst til rette for utbygging og ferdsel. Målet er å kunne nytte delar av strandsona til utbygging og allmenn tilgang, og samtidig sikre andre deler av strandsona nødvendig vern.

Kartlegging av møteplassar

I samsvar med vedtatt arealstrategi i samfunnsplanen skal eksisterande møteplassar for opphald, leik og aktivitet, samt potensiale for nye, kartleggast. Kartlegginga skal gjennomførast på overordna nivå, innanfor realistiske rammer. Målet er å legge til rette for gode møteplassar i heile kommunen.

Reserver av byggeareal i gjeldande arealplan

Det vil vere behov for å få oversikt over storleik og lokalisering av ledig areal til bustadar, fritidsbustadar, næring og tenesteyting, samt om arealreservane er ferdig regulerte. Vidare må det gjerast ei vurdering av attraktivitet, behov og realisme i utbygging, om annan lokalisering er ønskjeleg og om det er areal som skal tilbakeførast til LNFR-område.

Konsekvensutgreiing

For kommuneplanens arealdel er det krav om konsekvensutgreiing, i samsvar med Forskrift om konsekvensutredninger. Formålet med konsekvensutgreiinga er å gi ei vurdering og skildring av moglege vesentlege verknadar planen kan ha for samfunn og miljø.

Konsekvensutgreiinga skal vere ei vurdering på overordna nivå. Det vil i hovudsak vere ny utbygging og endringar i forhold til gjeldande plan, som blir omfatta av utgreiingskravet. Ved endring av formål for allereie avsette utbyggingsområde, vil berre relevante tema og konsekvensar av sjølv endringa bli utgreidd. Det skal også gjerast greie for den samla verknaden av arealbruksendringane i planforslaget. Utgreiing på kommuneplannivå kan avdekke forhold som må følgjast opp i reguleringsplan, og dette vil i tilfelle bli presisert.

Utgreiinga vil vere basert på fagkunnskap og fagleg skjønn. Datagrunnlaget og metodane som er nytta for å skildre verknadene skal omtalast. I dette ligg også at uvisse knytt til innsamling og bruk av data og metodar skal kommenterast. Metoden for konsekvensutgreiingar til kommuneplanens arealdel følgjer av Miljøverndepartementets (Kommunal- og moderniseringsdep.) rettleier T-1493.

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Ved utarbeiding av planar for utbygging skal planmyndigheita – her kommunen - sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse blir gjennomført for planområdet, eller sjølv gjere ein slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som verkar inn på om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal leggst inn i planen som omsynssone. Til omsynssonene skal det vedtakast nødvendige føresegner for å avverge skade og tap. Metoden som blir brukt ved gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalysen er basert på Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sin rettleiar om samfunnssikkerheit i kommunal arealplanlegging.

Opplegg for medverknad og organisering av arbeidet

Informasjon og medverknad

I arbeidet med kommuneplanens arealdel er det viktig med brei medverknad frå heile samfunnet. Det er viktig at politiske målsetjingar som krev innsats og endring blir forankra i heile kommunen. Kommunen har stort fokus på medverknad, og har jobba aktivt med nye metodar for å involvere befolkninga aktivt i planprosessar. Dette vil òg vere viktig i arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Det skal leggst til rette for medverknad og involvering frå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, politikarar og aktuelle myndigheiter. Vanylven har 12 grendalag som kan bidra til å sikre interessene for dei respektive bygdelaga.

Det skal sikrast aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging. Barn og unge må ha eit særskilt fokus i alle plansaker. Nesten all planlegging verkar inn på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Planprosessen må leggst opp slik at barn og unge får høve til å delta. Vidare vil involvering av dei tre kommunale råda vere viktig: Eldrerådet, ungdomsrådet, råd for personar med funksjonsnedsetjing.

Aktuelle myndigheiter blir involverte gjennom formelle høyringsprosessar. I tillegg kan det bli behov for eigne møte med regionale og statlege myndar for ytterlegare orientering og drøfting av planforslaget og planfaglege tema.

Gjennom planprosessen vil informasjon om planarbeid, politiske føringar, aktuelle tema og problemstillingar, og dessutan moglegheiter for medverknad med meir vere tilgjengelege på [heimesida](#) til Vanylven kommune. Det har vore halde informasjonsmøte i dei ulike bygdelaga ved oppstart av planarbeidet, og tilsvarande møte vil bli halde ved høyring av planforslaget. I tillegg vil det bli gjennomført eigne temamøte fortløpande gjennom planprosessen.

Organisering av arbeidet

Kommunedirektøren sitt kontor har ansvaret for leie prosessen og utforme plandokumenta.

Andre avdelingar og kontor blir inviterte til å bidra innanfor sine respektive fag- og ansvarsområde. Spesielt gjeld dette for å koordinere og ivareta andre kommunale planar.

Det blir lagt opp til eigne delprosessar innanfor aktuelle tema, der representantar frå relevante avdelingar og kontor deltar. Dette gjeld også andre myndigheiter og interesser.

Formannskapet er saksførebudende organ for arealdelen, medan det er kommunestyret som gjer dei endelege vedtaka. Det er to endelege vedtak knytt til arealplanen; vedtak av planprogrammet («oppskrifta»), og vedtak av sjølv arealplanen – begge blir vedtatt av kommunestyret. Planforslag som skal på høyring og offentleg ettersyn blir behandla av formannskapet. Merknadar og innspel undervegs i planprosessen blir også behandla av formannskapet, men følgjer saka fram til sluttbehandling i kommunestyret.

Framdrift

Oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanens arealdel blei varsla i desember 2021. Arbeidet var estimert til å vere ferdig første halvår 2023. På grunn av kapasitetsutfordringar har arbeidet blitt forseinka. Planprogrammet er no revidert, og tilpassa ny samfunnsplan godkjend mai 2023.

Planprosessar bør vere effektive, og ikkje strekke seg over lang tid. Langvarige planprosessar kan gi planar som i realiteten er forelda frå dei blir vedtatt. Samtidig stiller plan- og bygningslova omfattande krav utgreiingar og medverknad, noko som gjer at det ofte blir fleire rundar med offentleg ettersyn før ein plan kan vedtakast.

Planprosessar knytt til kommuneplanens arealdel er oftast omfattande, med mange problemstillingar. Mange personar og instansar skal involverast i planarbeidet, og dersom offentlege myndigheiter fremmar innvending til planforslaget, må desse blir løyst før planen kan vedtakast.

Arbeidet med planen er anslått å ta om lag 2 år, fram til endeleg vedtak i kommunestyret, basert på følgjande framdriftsplan:

- Fastsetting av planprogram i kommunestyret juni 2023
- Kontrakt ekstern konsulent august 2023
- Utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing og gjennomføring av medverknadsprosess sept 2023 – sept 2024
- 1. gongs behandling i formannskap/planutval okt 2024
- 1. gongs offentleg ettersyn okt-november 2024
- Vurdering av merknadar og bearbeiding av plan, evt supplerande utgreiingar, des 2024- mars 2025
- 2. gongs behandling i planutval/formannskap mars 2025
- 2. gongs offentleg ettersyn mars-april 2025
- Vurdering av merknadar og bearbeiding av plan mai 2024-august 2025
- Godkjenningssvedtak i kommunestyret sept 2025